



Saksprotokoll

Organ: Fylkestinget

Møtedato: 11.06.2014

Sak nr.: 13/3893-5

Internt l.nr.: 18803/14

Sak: 11/14

Tittel: **Kontroll av praktisering av arbeidsvilkåra for folkevalde**

Behandling:

Frå kontrollutvalet låg det føre slik tilråding til vedtak:

1. Fylkestinget tar rapporten frå SF-revisjon om fylkeskommunen sitt reglement om arbeidsvilkår for folkevalde til vitande.
2. Fylkestinget viser til konklusjonen til revisjonen, og ber fylkesrådmannen om ei avklaring av omgrepet «alle verv vedkomande har» i pkt. 1.4 i reglementet, og at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6 – 8 timar blir vurdert ev. ved ei endring i reglementet, jf. fylkesrådmannen sin merknad til rapporten.
3. Fylkestinget ber om å få framlagt ei sak til handsaming i oktober som oppfølging av pkt. 2 i vedtaket.

Endringsframlegg:

Høgre , Framstegspartiet og Venstre sette fram slikt framlegg til vedtak som nytt punkt 2 i staden for punkt 2 i tilrådinga frå kontrollutvalet:

Fylkestinget slår fast at med omgrepet «alle verv vedkomande har» i punkt 1.4 i reglementet, så meinast alle dei verv som fylkestinget eller underliggande organ vel representantar til. Det vil seie medlemmar av generalforsamling, representantskap, diverse utval og styre der fylkeskommunen har rett til å utpeike ein eller fleire.

Reglementet vert endra slik at praksisen med full erstatning for tapt arbeidsforteneste for fråvær mellom 6-8 timar vert stadfesta.

Avrøysting:

Punkt 1 i tilrådinga frå kontrollutvalet og framlegget frå Høgre, Framstegspartiet og Venstre til punkt 2 vart samrøystes vedtekne.

Punkt 2 og 3 i tilrådinga frå kontrollutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Fylkestinget vedtok med 26 mot 13 røyster å ta opp att handsaminga av saka.

Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti sette fram slikt framlegg til vedtak:

Saka vert utsett. Gruppeleiarane får i oppgåve å kome med ei tilråding i saka.

Framlegget frå Arbeidarpartiet, Senterpartiet, Sosialistisk Venstreparti og Kristeleg Folkeparti fekk 26 røyster og vart dermed vedteke. 13 røysta mot. Tilrådinga frå kontrollutvalet kom ikkje opp til avrøysting.

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

Saka vert utsett. Gruppearane får i oppgåve å kome med ei tilråding i saka.